

Førde 20.11.2024

Referat frå styremøte i Seniornett Førde

Tid: Onsdag 20.11.2024 kl 09.00 – 11.00
Stad: Kjellar/ kurslokale i Førdehuset

Desse møtte:

Knut Johan Mikkelsen
Aslaug Vårdal Igelkjøn
Kurt Grønli
Torleif Håland (vara)
Monrad Kolstad (instruktør)
Egil Nestande (instruktør)

Sak 19/2024: Førebu juleavslutninga 05.12.24, kl 14 – 16.00

Leiar har tinga lokale: Festsalen i Førdehuset. Personale frå Førdehuset tek seg av det praktiske m.o.t. plassering av stolar, bord og pådekking. Torleif har tinga mat frå «Ferske smakar»: Kaldtbord, med kaffi/te og kaker etterpå.

Underhaldning:

Allsong og musikalske innslag
Quiz v. Knut, som også leiar tilstellinga.

Vedtak:

Alle medlemmene i Seniornett Førde vert inviterte.
Seniornett Førde betalar alle utgifter.
Leiar sender ut påmelding på e-post til alle medlemmene. Påmeldingsfrist er onsdag 27.nov.

Sak 20/2024: Eventuelt.

Ei sak vart meldt:

Korleis vurderer ein kva appar som kan presenterast for kursdeltakarane ?
Her vart det påpeika at alle veljer sjølve kva appar ein ønskjer å ha på telefonen.

Vedtak: Kursleiarane prøver å finne fram til aktuelle appar, og presenterer desse for kursdeltakarane før kursdeltakarane tek stilling til om dei skal nedlastast på telefonen.

Orienteringssaker:

Kurt Grønli melde frå om at han er bortreist frå 27.02 – 10.03.24, med tanke på årsmøtet 2025. Elles orienterte han om økonomien, venta momskompensasjon, rekning frå Førdehuset på servering av kaffi og sveler i haust – slik at han kan sende ut krav om innbetaling av dette til kursdeltakarane.

Dato for årsmøtet 2025 er førebels fastsett til 20.03.25, sidan påska er sein neste år.

Møtet slutt.

Aslaug Vårdal Igelkjøn
-refr.-